

Fylkesordførar gir slikt svar:

Samferdselsdepartementet har sendt på høyring forslag til forskrifter som del av arbeidet med å førebu gjennomføringa av EU sin fjerde jernbanepakke i norsk rett:

- Ny jernbaneforskrift
- Ny forskrift om sikkerheit og tekniske forhold ved jernbanen
- Endringar i forskrift om gjennomføring av kollektivtransportforordningen

Dette er forskrifter som Noreg, som ein del av EØS-avtalen, er plikta til å ta inn i norsk lovgjeving.

Administrasjonen har vurdert om det er noko i forslaga som vil få særleg innverknad på det fylkeskommunale driftsansvaret, og har ikkje funne det. Dette er bakgrunnen for at det ikkje er lagt fram sak om denne høyringa.

Fylkesordføraren registrerer at spørsmåla som er retta til han også er formulerte som vedtakspunkt. Fylkesordføraren vil difor syna til at det er opp til fylkestinget å ta stilling til forslaget til vedtak.

Avrøysting om interpellasjonen skal på saklista som vedtakssak

23 medlemer (H, Frp, Krf og V) røysta i mot å setje saka på saklista som vedtakssak. Saka vart difor ikkje sett på saklista som vedtakssak.

Jeanette Syversen (R) sette på vegner av R og SV fram slik felles protokollmerknad:

«I debatten under interpellasjonar i fylkestinget, om jernbanepakke 4, kom det fram at Vestland Fylkesting ikkje har handsama høyring om ny forskrift for jernbane, som hadde svarfrist 25.09.2020. Dette meiner vi er eit demokratisk problem. For å sikre at det nasjonale høyringsinstituttet vert ivareteke med så brei politisk og distrikts messig forankring som mogleg, vil opp mode om at administrasjonen tar ein gjennomgang på rutinar for handsaming av høyringssvar frå fylkestinget i Vestland.»